

Ver merksam på regulert vatn og utrygg is.

12.02.2019



Kunngjeringa om regulering og utrygg is gjeld Mannsvatn og eleveløpet frå demningen og fram til inntaksdammen.

I god tid før vinterferien og seinare i påskeferien legg SKL ut varsel om regulert vatn og utrygg is på Mannsvatn i Uskedalen. Dette gjeld også elva frå demningen og ned til inntaksdammen som ligg nokre hundre meter lenger nede i lia. Reguleringa gjeld som sagt Mannsvatn og elva som forsyner Tverrelva Kraftverk på Haugland.

SKL skriv dette i sine kunngjeringar:

På regulerte vatn vil det alltid vera fare for område med ope vatn og utrygg is. Det gjeld særleg ved inn- og utløpsosar, tappetunnelar, kraftstasjonar og liknande. Vidare kan det i reguleringssona liggje att isflak som det kan vera farleg å koma imellom og under.

Denne meldinga vil bli lagt ut seinare i vår og i forkant av påskeferien.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Steinar Haugland



Billete syner plassar der ein særleg må vera merksame for ikkje å gå gjennom eller koma under isen.